



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato  
13.06.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/4295 634  
Dykkar referanse

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Ref: 2170 GFJ

### Tildelingsbrev - prosjektnr 60260

#### Utbetaling - Meland kommune - Midlar til vidareutdanning - Våren 2014

Utbetaling av tilskot:

Kroner 125 000,- vert utbetalt til Meland kommune, kontonummer 1503 18 83722.

Vi viser til dykkar «Søknad om vikarmidlar og eventuelle studieavgifter», brev frå Utdanningsdirektoratet til skuleeigar datert 01.02.2013 og dykkar rapportering til Fylkesmannen våren 2014. Tildelte vikarmidlar i dette brevet gjeld for vårsemesteret 2014. Studieavgift for haust 2013/vår 2014 vart utbetalt haust 2013.

Midlane er tildelte ut frå følgjande retningslinjer:

- Midlane skal brukast til vikarutgifter og eventuelle studieavgifter
- Skuleeigar skal dekke ein sin del av vikarutgiftene og andre utgifter i samsvar med strategien "Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærere"

Dersom det skulle oppstå situasjonar som gjer at midlane ikkje kan brukast etter føresetnadene, til dømes fråfall, skal skuleeigar straks ta kontakt med Fylkesmannen.

Vi gjer merksam på at Statens bevilgningsreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føra kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Dersom det ved eit mistak skulle vera noko feil i tildelingsbrevet, vil dette verta retta opp ved eit seinare høve.

Ubrukte midlar kan berre overførast til neste budsjettår etter søknad.

#### Rapportering

Skuleeigar har allereie rapportert på bruken av midlane. Fristen for å rapportera på bruk av midlane var 15.05.14.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Grethe Fjeld  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*